

Ifølgje liste

Erstattar rundskriv F-02-22

Rettet inkurier under kommentarene  
til § 7-14.

Dykker ref

Vår ref

Dato

23/3399-

8. januar 2024

## Rundskriv F-01-23 - Forskrift om opptak til høgare utdanning

Kunnskapsdepartementet fastsette 19. desember 2023 endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta) med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (uhl.). Det er gjort endringar i opptaksforskriften §§ 2-2, 2-3, 2-4, 4-4, 4-9, 4-10, 7-1, 7-3, 7-5, 7-6, 8-1 og 9-1. Fleire av endringane er av strukturell eller teknisk karakter. I tillegg har forskrifta fått to vedlegg. Endringane i forskrifta vert gjort kjent i Norsk Lovtidend og publisert på Lovdata.no.

Forskrifta gjeld for opptak til all grunnutdanning, også lokale opptak og opptak til private høgskular sjølv om desse ikkje deltek i den nasjonale opptaksmodellen (NOM) gjennom Samordna opptak.

Endringa i § 2-2 andre ledd gjeld fjerning av studiepoeng på norsk språkkurs. Føresegna har også fått eit nytt ledd med liste over korleis søkerar med utanlandsk utdanning kan dekke krav til engelsk. Dette har resultert i at ledda etter dette er flytta ned, det vil si at dagens tredje ledd blir nytt fjerde ledd og så vidare. Det er ny ordlyd om GSU-lista i § 2-2 åttande ledd, og lista er no blitt eit vedlegg til forskrifta (Vedlegg I). I § 4-4 femte ledd har bachelorstudium i tradisjonelt bygghandverk fått endra krav frå relevant fagbrev til relevant fag- eller sveinebrev eller annan tilsvarande kompetanse. Høyskolen Kristiania har fått ei samlenemning i § 4-9 bokstav j om kunstfag. Trafikklærarutdanninga har fått spesifisert krav om at søkerar må oppfylle krava til førarkort som gjeld for autorisasjon som trafikklærar, jf. § 4-10 tredje ledd.

Tidleg opptak er ei ordning som fleire institusjonar nyttar for å kunne gje ei tidleg tilsegn om studieplass før hovudopptaket. Søkerar som på grunn av spesielle omstende treng tidleg avgjerd i saka si, kan få eit tidleg tilsegn om opptak. Kva krav som må vera dekt for å kunna

få innvilga tidleg opptak ligg på nettside til Samordna opptak. Denne ordninga er nå forskriftsfesta i § 7-1 sjette ledd.

Samordna opptak fekk myndigkeit frå KD til å utarbeida omrekningstabellar i 2010. Denne myndigheita stod tidlegare i eit ledd i § 7-5 i denne forskrifta. Omrekningstabellane og -reglane nyttast til å gi søkerar med utanlandsk vidaregåande opplæring som kvalifiseringsgrunnlag ein karakterpoengsum som kan gi grunnlag for rangering i opptaket, basert på karaktersystemet i norsk vidaregåande opplæring. Omrekninga er bestemmande for desse søkerane sine rettar, og ordninga får no derfor ei betre forankring i regelverket, jf. ny § 7-6. I tillegg til at omrekningstabellane ligg på nettsida til Samordna opptak, ligg dei no i eit nytt vedlegg til forskrifta (Vedlegg II).

Kunnskapsdepartementet har innvilga ein søknad frå Universitetet i Sørøst-Noreg om å ha regionale kvoter på to desentraliserte, fleksible bachelorstudium i sjukepleie.

Kjønnsbalansen i høgare utdanning, og i arbeidslivet, er primært eit resultat av at søkera til mange studium har skeiv kjønnsfordeling. Ofte speglar kjønnssetninga på studiet kjønnsfordelinga blant søkerane. Viss eit universitet eller høgskule ønskjer å bruke tilleggsSpoeng til det underrepresenterte kjønn ved opptak til eit konkret studium, må dei først kartlegge og analysere kvifor det er underrepresentasjon av det ene kjønnet på det aktuelle studiet. Vidare må dei lage ein plan for korleis institusjonen skal arbeida aktivt for å sikre ein betre kjønnsbalanse og setje i verk nødvendige tiltak. Viss sette i verk tiltak ikkje har verka, kan departementet vurdere om det skal innførast tilleggsSpoeng til det underrepresenterte kjønn (kjønnsspoeng).

### ***Kommentarar til enkelte føresegner i opptaksforskrifta***

#### **Kapittel 2 Generell studiekompetanse**

##### **Kommentarar til § 2-1 Generell studiekompetanse – Kunnskapsløftet**

Denne føresegna gjeld krav til generell studiekompetanse og rører ikkje ved fastsette føresegner om realkompetanse og dispensasjon.

Generell studiekompetanse er hovudkravet for opptak til høgare utdanning. Dei fastsette fagkrava går fram av første ledd. Fagkrava gjeld enten søkeren har vitnemål frå treårig vidaregåande opplæring, fagbrev/sveinebrev eller fyller vilkår som 23/5-søker. Faget samfunnskunnskap har endra namn i og med fagfornyinga, og det føreset at forløparen samfunnsfag fungerer som likeverdig i opptakssamanheng uavhengig av namneendringa.

Omgrepet opptaksår blir i forskrifta brukt om det kalenderåret søkeren normalt søker og får tilbod om studieplass. Dette inneber konkret at søkerar til studium med oppstart i januar, som har søknadsfrist i april eller november/desember i kalenderåret før studiestart, må oppfylle dei fastsette krava, også føresegna om alder, seinast 31. desember det året søknadsfristen går ut.

Praksiskravet i 23/5-regelen blir rekna ut på grunnlag av den faktiske tida som er brukt. Det inneber at praksis tilsvarende meir enn heiltidsstilling/-utdanning ikkje kan inngå i berekninga. Deltidspraksis blir rekna om til heiltidspraksis. Skuleår, medrekna år i lære (læretid), gir utteljing som heile år.

I 23/5-regelen er føresegna slik at deltidsarbeid kan rekna om til heiltid, og at det skal takast omsyn til om søkeren har hatt eller har nedsett arbeidsevne. Det blir lagt til grunn at praksis og utdanning til saman ikkje kan overskride 100 prosent i same tidsrom. Det er òg ein føresetnad at søkeren kan dokumentere at dei fastsette fagkrava er oppfylte.

Nedsett arbeidsevne inneber at ein på grunn av sjukdom, skade eller lyte har fått arbeidsevna nedsett i ein slik grad at ein er hindra i å behalde eller skaffe seg heiltids- eller deltidsarbeid. Dersom arbeidsevna er dokumentert delvis nedsett, er det ein føresetnad for å få full utteljing at resterande arbeidsevne har vore brukt.

Søkjarar kan dokumentere nedsett eller redusert arbeidsevne med til dømes attest frå lege eller kopi av vedtak frå NAV. Opptaksorganet er pliktig til å vurdere om eventuell annan dokumentasjon kan godkjennast.

Fullførte og bestårte fag (enkeltfag) frå vidaregåande opplæring kan inngå i praksiskravet dersom desse faga har eit omfang som utgjer det samla årstimekravet til studieprogrammet som faga inngår i. Fag frå ulike studieprogram kan kombinerast, og årstimekravet følgjer kravet til det studieprogrammet fleirtalet av timane er tekne i. Enkeltfag utover eitt skoleår kan kombinerast tilsvarande timekravet til eit halvt års utdanning.

Det gjeld eigne overgangsreglar for søkerar med dokumentasjon frå tidlegare strukturar i vidaregåande opplæring, jf. kapittel 9.

Bestårte og dokumenterte kurs/emne i høgare utdanning kan gi utteljing i praksiskravet dersom dei til saman utgjer minst 60 studiepoeng, jf. § 2-1 første ledd bokstav b. Fullført og bestått fagskoleutdanning som varer i eit halvt til to år, kan takast med i berekninga av praksiskravet. Det same gjeld dokumentasjon for fullført og bestått årskurs i toårig fagskoleutdanning. Anna utdanning, til dømes forkurs til ingeniørutdanning, må vere fullført og bestått for å inngå i berekninga av praksiskravet.

Ein legg til grunn at det ikkje er stor overlapping med fag/studium som søkeren har fått godkjende som del av opptaksgrunnlaget.

Gjennomført og dokumentert introduksjonsprogram og norskprogram med samfunnskunnskap for nykomne innvandrarar kan takast med i berekninga av praksiskravet, jf. lov om introduksjonsordning og norskopplæring for innvandrarar som nyleg har komme til Noreg.

Ein legg til grunn at Samordna opptak (SO) utarbeider retningslinjer for dokumentasjonskrav i

samarbeid med institusjonane.

### **Kommentarar til § 2-2 Utanlandsk utdanning**

Annet ledd, punkt 3, årskurs i norsk språk og samfunnskunnskap inneholder ikke lenger ei referanse til 60 studiepoeng. Endringa kjem som ei oppfølging av Prop. 126 L om universitet- og høgskulelova der det blei gitt ei presisering om at kurs og studium som universitet og høgskular tilbyr som ikke er høgare utdanning (t.d. forkurs), og som skal kvalifisere søkerar til høgare utdanning, ikke kan gi utteljing i studiepoeng. Denne utdanninga blei i si tid oppretta ved ei rekke høgskular for å gje søkerar med vidaregående opplæring utanfor Norden kompetanse i norsk på minimum B2-nivå for å sikre at dei kan følge undervisning på norsk og dermed gjere dei kvalifisert til høgare utdanning. Det som kvalifiserer for høgare utdanning kan ikke samtidig vere høgare utdanning. Då kan ikke dette gi utteljing i studiepoeng. Søkarane kjem inn på årskurset utan dokumenterte kunnskapar i norsk og har difor ikke generell studiekompetanse. Institusjonar som tilbyr dette årskurset og som meiner at dette er på nivå med høgare utdanning slik enkelte har uttrykt det i høyringa, må søke departementet om unntak frå kravet om generell studiekompetanse, jf. kap. 3 i opptaksforskrifta.

GSU-lista er utarbeidd av GSU-utvalet og viser om utanlandsk utdanning er på nivå med norsk vidaregåande skule. Denne lista skal brukast ved opptak av søkerar med utdanningsbakgrunn frå land utanfor Norden. Lista ligg som vedlegg I til forskrifta. Søkerar med annan utdanningsbakgrunn kan ikke påleggjast å ta fag som er oppfylte gjennom dokumentert vidaregående opplæring frå heimlandet. Opptaksorgana skal i slike tilfelle vurdere om utdanninga til søkeren oppfyller kravet om generell studiekompetanse.

Søkerar med opptaksgrunnlag frå utlandet som ikke har utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregående opplæring, og som skal vurderast som 23/5-søkerar, jf. § 2-1, kan ikke erstatte fagkravet i norsk (eller anna nordisk språk) med dokumentasjonsalternativa 2, 3, 4, 5 eller 6 i § 2-2, eller med norsk/nordisk språk som morsmål, inkludert kombinasjonsmoglegheitene i pkt. a. og b.

### **Kommentarar til § 2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgare utdanning**

Det er berre søkerar som er tekne opp til høgare utdanning etter føresegnene i kapittel 3, som kan vurderast for generell studiekompetanse etter § 2-3.

Delar av eit utdanningsprogram i høgare utdanning som ikke er fullførte og bestårte, gir ikke generell studiekompetanse. Dette inneber at søkerar som er tekne opp til høgare utdanning på grunnlag av unntaksføresegnene i kapittel 3, normalt må fullføre og bestå utdanninga dei har begynt på, før dei kan få generell studiekompetanse etter § 2-3.

Kravet om dokumenterte kunnskapar i norsk i § 2-3 andre ledd gjeld for søkerar frå land utanom Norden som dokumenterer opptaksgrunnlaget ved framandspråkleg høgare utdanning. Dersom generell studiekompetanse er oppnådd med grunnlag i høgare utdanning med norsk eller anna nordisk språk som undervisningsspråk, er ikke ytterlegare

norskunnskapar noko krav.

Søkjarar som blir tekne opp til høgare utdanning med grunnlag i annan høgare utdanning får ikkje tilleggsspoeng for denne, jf. § 7-11.

### **Kommentarar til § 2-4 Opptak på grunnlag av fullført fagskoleutdanning**

Søkjarar som har fullført og bestått 2-årig fagskoleutdanning får generell studiekompetanse med grunnlag i fagskolen. Søkjarar med fagskoleutdanning frå land utanom Norden må dokumentere norsk og engelsk på same vilkår som gjeld for søkerar med vidaregåande opplæring frå desse landa. Universitet og høgskolar har plikt til å vurdere om norskkravet er oppfylt på annan måte, jf. § 2-1 tredje ledd.

Bestått fagskoleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastsett av departementet i 1998-1999, gir ikkje generell studiekompetanse. Eldre fagskoleutdanning gir likevel unntak frå krav om generell studiekompetanse til einskilde studium, sjå § 9-1 tredje ledd.

Søkjarar som blir tekne opp til høgare utdanning med grunnlag i fagskoleutdanning får ikkje tilleggsspoeng for denne, jf. § 7-11.

## **Kapittel 3 Unntak frå generell studiekompetanse**

### **Generell kommentar**

Føresegmene i kapittel 3 gjeld unntak frå krav om generell studiekompetanse. Dersom det er fastsett spesielle opptakskrav til eit studium, jf. kapittel 4, må desse vere oppfylte.

### *Spesielt tilrettelagde studium med grunnlag i relevant fagbrev (y-veg)*

§§ 3-3, 3-7, 3-8,3-9, 3-11 og 3-12 gir institusjonane høve til å tilby spesielt tilrettelagde studium med grunnlag i relevant fagbrev (y-veg).

### **Kommentarar til § 3-1 Realkompetanse**

Realkompetanse blir ofte omtalt som dokumentert kunnskap, dokumenterte ferdigheter og generell kompetanse tileigna uavhengig av læringsarena gjennom formell, ikkje-formell og uformell læring. Formell læring er den læringa som skjer i utdanningssystemet, eventuelt for autorisasjons- og/eller sertifiseringsformål. Ikkje-formell læring er strukturert opplæring gjennom kurs og andre tilbod som ikkje inngår i utdanningssystemet, medan uformell læring skjer gjennom livet på arenaer som ikkje først og fremst er berekna på strukturert læring. Kvar enkelt institusjon har sjølv ansvaret for vurdering og opptak på grunnlag av realkompetanse.

Det er institusjonane sjølve som avgjer kva som er nødvendige kvalifikasjonar og kva som er ein eigna og tenleg framgangsmåte for å vurdere realkompetanse.

Generell studiekompetanse er framleis det normale grunnlaget for opptak til høgare utdanning. Ein søker som har fått godkjent realkompetanse for opptak til eit studium ved ein institusjon, er ikkje automatisk kvalifisert for opptak til andre studium ved den same

institusjonen, og heller ikke til studium ved andre institusjonar. Opptaksorganet har plikt til å vurdere realkompetanse som svarer til dei fastsette fagkrava.

### **Kommentarar til § 3-2 Dispensasjon**

Formålet med føresegna om dispensasjon er å hindre openbert urimeleg behandling av enkeltsøkjarar. Det er lagt til grunn at denne føresegna berre skal brukast i tilfelle der heilt spesielle omsyn gjer seg gjeldande. Som for opptak på grunnlag av realkompetanse, jf. § 3-1, må det gjerast ei konkret vurdering av om studenten er kvalifisert for det studiet vedkommande søker opptak til. Det må godtgjera at søkeren har nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet. Dokumentasjon kan til dømes vere attest frå lege, anna helsepersonell, pedagogisk-psykologisk teneste eller tilsvarende.

Vurderinga av om ein søker oppfyller vilkåra for dispensasjon, er todelt. Det vil seie at to vilkår må vere oppfylte før dispensasjon kan innvilgast:

- 1) Først må det vurderast om det ligg føre varig sjukdom, funksjonshemmning eller liknande tilstand. Dette er eit heilt avgjeraende vilkår for å få innvilga dispensasjon, noko som òg går klart fram av ordlyden i føresegna, jf. formuleringa «på grunn av» i første ledd.
- 2) Deretter må det vurderast om tilstanden til søkeren inneber at det ikkje har vore mogleg for søkeren å oppfylle enkelte krav til GSK.

### **Kommentarar til § 3-3 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning**

Søkjarar med relevant fagbrev/sveinebrev er kvalifiserte for opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning, utan dei fastsette tilleggskrava i matematikk og fysikk. Det er institusjonane sjølv som vurderer om dei vil leggje til rette for og tilby slik utdanning.

### **Generell kommentar til §§ 3-4, 3-5 og 3-6**

Unntak frå kravet om generell studiekompetanse skal berre gjerast i heilt spesielle tilfelle. For studium som ikkje er nemnde i desse paragrafane, gjeld normalt krav om generell studiekompetanse og eventuelle spesielle opptakskrav, jf. kapittel 4.

### **Kommentarar til § 3-6 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til enkelte kunstfag**

Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til kunstfag gjeld ikkje for alle søkerar til slike studium. Hovudregelen er framleis generell studiekompetanse for opptak til desse studia. Det er berre i spesielle høve der søkerar som kan dokumentere spesielle faglege evner og som ikkje kan dokumentere generell studiekompetanse, at det kan gjerast unntak.

Unntaket omfattar til dømes ikkje faglærarutdanning i musikk.

Det er berre til studium som er lista i denne føresegna i opptaksforskrifta at det kan gjerast

unntak frå kravet om generell studiekompetanse.

## Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

### Generelle kommentarar

Departementet kan fastsetje spesielle opptakskrav når omsynet til gjennomføringa av studiet gjer dette nødvendig. Departementet viser til at tilnærma like utdanningsprogram bør ha dei same opptakskrava. For studium som ikkje er nemnde i kapittel 4 i forskrifta, gjeld normalt krav om generell studiekompetanse dersom det ikkje er fastsett unntak i §§ 3-4, 3-5 eller 3-6.

Søkjrarar til dei studia som er nemnde her, må oppfylle spesielle opptakskrav. Dette gjeld òg for søkerarar som er innvilga unntak frå krav om generell studiekompetanse etter føresegna i kapittel 3. Søknadar til studium med spesielle opptakskrav kan som hovudregel også realkompetansevurderast. Realkompetansevurdering er ikkje aktuelt når det er stilt krav om eit bestemt fagleg nivå med forskriftsfesta karakter- eller poengkrav. Det faglege nivået på den vidaregåande opplæringa til søkeren må oppfylle desse krava.

Nokre studium har krav om bestemte karakterar i enkelte fag. Det er i slike tilfelle normalt gjennomsnittskarakteren i faget som avgjer om søkeren kan få tilbod om opptak. Karakterkravet i norsk omfattar til dømes gjennomsnittet av standpunktcharakterar og eventuelle eksamenskarakterar i norsk hovudmål, sidemål og munnleg, jf. §§ 7-5. For fellesfaget matematikk gjeld også både standpunktcharakter og eventuelle eksamenskarakter i berekninga av gjennomsnittskarakter.

I § 2-2 første ledd går det fram at søkerarar med 3-årig vidaregåande utdanning frå dei andre nordiske landa er kvalifiserte for opptak utan tilleggskrav i norsk når utdanninga dei dokumenterer, gir generelt opptaksgrunnlag. Slike søkerarar må oppfylle tilsvarende karakterkrav i eit anna nordisk språk, jf. artikkel 3 i den nordiske avtalen: "Dersom det stilles krav til særlege kvalifikasjoner eller faglige kunnskaper for å bli tatt opp til en bestemt høyere utdanning, skal utdanningssøkende fra de andre nordiske land oppfylle disse kravene på tilsvarende måte som landets egne søker."

### Kommentarar til § 4-1 Spesielle opptakskrav i tillegg til generell

**studiekompetanse** Dei spesielle opptakskrava må òg vere oppfylte av søkerarar som er unntakne frå krav om generell studiekompetanse etter føresegna i kapittel 3.

Departementet føreset at institusjonane informerer søkerane om krav til forkunnskapar utover fastsette opptakskrav.

**Kommentarar til § 4-3 Spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur- og miljøfag** Det er fastsett spesielle opptakskrav til informatikk, realfag, natur- og miljøfag. Det er ikkje høve til å fastsetje andre opptakskrav enn dei som går fram av § 4-3. Det må presiserast at matematikk er realfag, og at dei spesielle opptakskrava òg gjeld for opptak til

enkeltemne som normalt inngår i fastsette studieprogram.

Vi minner om at opptakskrava til informatikkutdanning normalt er annleis enn opptakskrava til andre utdanninger innanfor desse fagområda.

Dei spesielle opptakskrava gjeld elles for alle studium som oppfyller desse kriteria:

- *Informatikkutdanning*

Minst halvparten av studiepoenga er i informatikk og nødvendige støttefag i realfag og teknologi.

- *Realfag, natur- og miljøfag*

Minst halvparten av studiepoenga er i realfag, teknologifag og/eller natur- og miljøfag.

### **Kommentarar til § 4-4 Spesielle opptakskrav til arkitektur fag og teknologiske fag**

Søkjarar som blir tekne opp til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning med grunnlag i fagbrev/sveinebrev, må dokumentere 12 månaders relevant praksis. Læretid i bedrift på minimum 12 månader oppfyller kravet til praksis så sant ho er relevant.

### **Kommentarar til § 4-7 Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar**

*Skulepoeng* for opptak til grunnskulelærarutdanning, 5-årig lektorutdanning og faglærarutdanning omfattar karakterpoeng (gjennomsnitt av alle karakterar på vitnemålet med to desimalar, multiplisert med 10), jf. § 7-5 og eventuelle tilleggsspoeng for språk- og/eller realfag.

#### *Grunnskulelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning*

Dei fastsette poeng- og karakterkrava gjeld òg for opptak til spesialisert grunnskulelærarutdanning, til dømes grunnskulelærarutdanning med realfag og grunnskulelærarutdanning med musikk osv., jf. § 4-7 andre og tredje ledd.

#### *Intervju*

Søkjarane til lærarutdanning kan i tillegg måtte gjennomføre ein opptaksprøve i form av eit intervju etter nærmare reglar som institusjonen fastset. Institusjonar som vil bruke intervju ved opptak til grunnskulelærar- og lektorutdanning, skal informere om dette både gjennom Samordna opptak og på eigne nettsider.

Bestått *nasjonalt forkurs i matematikk* i årene 2016, 2017, 2018 og 2019 for søkerar med eit karaktergjennomsnitt på minimum 3,0 i fellesfaget matematikk, dekker kravet til karakteren 4 i matematikk.

### **Kommentarar til § 4-9 Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag**

Det er berre til dei studia som er lista opp i forskrifta, at det kan stillast krav om opptaksprøve utover kravet om generell studiekompetanse. Sjå òg § 3-6 om unntak frå krav om generell studiekompetanse. For opptak til studium der det er fastsett opptaksprøve er det i nokre tilfelle fastsett alternative reglar for rangering av søkerane. Sjå merknadar til § 7-14.

### **Kommentarar til § 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag**

For opptak til studium der det er fastsett opptaksprøve er det i nokre tilfelle fastsett alternative reglar for rangering av søkerane. Sjå merknadar til § 7-14.

### **Kommentarar til § 4-11 Desentralisert utdanning og deltidsutdanning**

Institusjonane sjølv kan fastsetje spesielle opptakskrav i form av praksis til desentralisert utdanning og til deltidsutdanning som kan tilbydast anten på ein lærestad eller desentralisert. Institusjonane kan ikkje fastsetje tilleggskrav utover yrkeserfaring og relevant arbeidspraksis.

Institusjonane kan berre fastsetje krav om tilknyting til utdanningsstaden til desentralisert utdanning som blir tilbode på deltid.

Eit krav om tilknyting til utdanningsstaden skal ikkje definerast slik at dei geografiske områda blir opplevde som vilkårlege. Opptaket skal heller ikkje avgrensast til søkerar frå éin eller eit fåtal kommunar.

### **Kapittel 5 Opptak på visse vilkår Kommentarar til § 5-1 Opptak på visse vilkår**

Det skal gå fram av dokumentasjonen (kompetansebevis) frå den vidaregåande skulen at søkeren hadde gyldig fråvær til eksamen i eitt eller fleire spesifiserte fag, og at dette er grunnen til at eleven ikkje har fått dokumentasjon på fullført og bestått opplæring.

Departementet viser til at søkerane som ber om opptak på visse vilkår skal ha dokumentasjon frå den vidaregåande skulen om at søkeren ikkje har avlagt eksamen i eit eller fleire fag.

Dokumentasjon om årsak skal ha vore lagd fram og godkjend av skulen. Departementet viser til dette og at opptaket til høgare utdanning ikkje skal be om attest som syner årsaka til fråværet.

Dersom resultatet av utsett eksamen i eit fag ligg føre før opptak til høgare utdanning, kan ikkje institusjonen gi opptak på vilkår.

Opptaksforskrifta § 5-1 første ledd stiller krav om at utsett eksamen må vere bestått i løpet av første semester etter opptak. Retten til utsett eksamen i vidaregåande opplæring er ikkje tidsavgrensa til semesteret etter, men i opptaksforskrifta er det sett opp ei slik avgrensing. Forskrift til opplæringslova § 3-32 stiller krav om at eleven må gå opp til første etterfølgjande eksamen.

Det går fram av forskrift til opplæringslova § 3-32 første ledd at elevar som har dokumentert fråvær ved eksamen (ordinær, særskild eller ny eksamen), har rett til å gå opp til første etterfølgjande eksamen og samtidig behalde standpunktcharakteren i faget. Dersom eleven ikkje går opp til første etterfølgjande eksamen, fell standpunkturderinga bort, og eksamen

må då takast som privatist, jf. § 3-32 tredje ledd.

### **Kommentarar til § 5-2 Opptak på visse vilkår for søkerar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk**

Institusjonar som tilbyr årskurs i norsk for søkerar frå land utanom Norden og der søkerane må søkje om studentvisum, kan gi søkerar tilbod om studieplass på eit planlagt ordinært studium, og så gi desse søkerane utsett studiestart til året etter, på vilkår av at dei fullfører og består årskurset i norsk. Norsk inngår normalt i opptakskrava til ordinære studium.

## **Kapittel 6 Politiattest ved opptak til høgare utdanning**

### **Kommentarar til § 6-1 Generelt**

Første ledd:

Denne føresegna markerer at kravet om barneomsorgsattest berre gjeld utdanningsar der studentar kan komme i kontakt med mindreårige som ein del av klinisk undervisning eller praksisstudium.

Departementet legg til grunn at det i dei utdanningane der ein student kan komme i kontakt med utviklingshemma eller andre sårbare grupper, kan det òg kan vere mogleg for studenten å komme i kontakt med mindreårige, slik at utdanninga er omfatta av kravet om barneomsorgsattest.

Føresegna medfører at personar med merknader på politiattesten kan vere utestengde frå praksisstudium og klinisk undervisning på livstid fordi merknaden aldri vil bli sletta. Merknad på politiattesten fører likevel ikkje automatisk til tap av rett til å delta i praksisstudium/ klinisk undervisning, då nemnda skal vurdere dette i kvart enkelt tilfelle.

Andre ledd:

Ei rekke lover inneheld krav om politiattest for visse typar yrkesutøving, og desse krava gjeld tilsvarande for studentar på utdanningsar som fører fram til yrket.

Formålet med det samla regelverket om politiattest er eit heilskapleg system for politiattestar. For at dette målet skal realiserast, er det viktig at krava til politiattest for studentar ikkje er strengare enn det som følgjer av profesjonslovgivinga. I utdanningsar der studenten verken kjem i kontakt med mindreårige eller brukargrupper som er omfatta av profesjonslovgivinga, er det heller ikkje høve til å stille krav om politiattest etter universitets- og høgskulelova og opptaksforskrifta.

Tredje ledd:

Det den enkelte utdanningsinstitusjonen skal vurdere, er om utdanningane dei tilbyr, er omfatta av kravet i politiregisterlova § 37 første ledd nr. 4, eller av andre krav om politiattest i profesjonslovgivinga.

I vurderinga av om utdanninga er omfatta av kravet om barneomsorgsattest i første ledd, er ordlyden i lova, «kan komme i kontakt med mindreårige», rettleiande. Denne inneber at det

i vurderinga av om eit studium krev framlegging av politiattest, ikkje er nødvendig at studenten heilt sikkert vil komme i kontakt med mindreårige. Det er nok at det kan tenkast at studenten i samband med praksisstudium eller klinisk undervisning kan komme i kontakt med og i situasjonar saman med den mindreårige der overgrep kan finne stad. Det er likevel viktig å hugse på at krav om politiattest er eit inngripande tiltak. Det må derfor ikkje stillast krav om politiattest i situasjonar der det openbert er unødvendig. Dersom eit studium ikkje har praksis eller klinisk undervisning som ein obligatorisk del av utdanningsløpet, er det at studenten kan komme til å velje praksisopplæring eller klinisk undervisning i framtida, ikkje tilstrekkeleg til å krevje politiattest ved opptak til studiet. Utdanningsinstitusjonane kan likevel krevje at studenten legg fram politiattest dersom han/ho seinare i utdanningsløpet bestemmer seg for å velje praksis eller klinisk undervisning der han/ho kan komme i kontakt med mindreårige.

Fjerde ledd:

Utover informasjon om politiattest i brev med tilbod om studieplass er det opp til institusjonane å vurdere korleis dei vil gi informasjon til studentane om studia og om eit eventuelt tilhøyrande krav om politiattest. Dette kan til dømes formidlast på nettsider og i studiekatalog. I alle tilfelle er det viktig at studenten er informert om kravet om å levele politiattest før han/ho søker om studieplass.

For studium som har opptak via Samordna opptak (SO), skal informasjon om krav om politiattest vere tilgjengeleg på nettsidene til SO. Politiet stiller tekniske krav til grunnlag for å behandle ein søknad om politiattest.

### **Kommentarar til § 6-3 Tidspunktet for framlegging av politiattest**

Første ledd:

Fristen for å sende inn politiattest etter første ledd er 3 veker frå søkeren får tilsegn om plass ved ei utdanning. Dette er lenger enn fristen som er sett for å ta imot utdanningsplassen. Trass i behovet for rask avklaring av spørsmålet om eventuelle merknader på politiattesten er det viktig å stille realistiske krav til studenten. Ettersom politiet har ei saksbehandlingstid på 14 dagar, vil ein kortare frist enn 3 veker truleg bli broten i og med at ein òg må rekne med postgang.

Andre ledd:

Med «fastsett utdanningsstart» i andre ledd er meint utdanningsstart på utdanninga der studentane har fått tildelt plass.

Tredje ledd:

Føresegna gjeld søkerar som blir tekne opp i suppleringsopptak anten i regi av Samordna opptak eller i regi av institusjonane sjølv.

### **Kommentarar til § 6-5 Fornya vandelskontroll**

I forarbeida til politiregisterlova § 43 går det fram at det ikkje er opna for fornys vandelskontroll gjennom utfording av fornys politiattest med nærmare fastsette tidsintervall,

jf. Prop. 114 L (2012–2013). I staden får brukarane av tidlegare utferda politiattest, det vil seie utdanningsinstitusjonar, arbeidsgivarar og liknande, høve til å få utleverert nye opplysningar frå politiet i samsvar med heimelsgrunnlaget for den opphavlege attesten. Føresegna handlar om dei tilfella der politiattest tidlegare er utferda, men der brukaren av opplysningane, til dømes ein arbeidsgivar, eller i vårt tilfelle ein utdanningsinstitusjon, har fått tilgang til informasjon som gir grunn til å tru at det ligg føre nye opplysningar som er viktige for innhaldet i politiattesten.

Eit grunnvilkår for å bruke denne føresegna er at den det gjeld allereie har levert politiattest. I tillegg må dei nye opplysningane som eventuelt skal leverast, vere avgrensa til dei straffbare forholda som kan utleverast ifølgje heimelsgrunnlaget for attesten.

Dersom heimelen til dømes er avgrensa til seksuelle overgrep mot barn, kan ikkje politiet gi opplysningar om eventuelle andre straffbare forhold. Føresegna opnar for at arbeidsgivaren eller utdanningsinstitusjonen (altså brukaren) kan få opplysningar med heimel i politiregisterlova § 43. Føresegna kan ikkje nyttast til rutinekontroll av studentar. Det er ikkje høve til å pålegge studentane å innhente nye opplysningar.

Ved byte av studiestad blir den nye utdanningsinstitusjonen ein ny brukar og kan krevje ny politiattest framlagd. Ved byte til ei utdanning som krev ein annan type attest enn den opphavlege, må det leggast fram ny attest i samsvar med det nye heimelsgrunnlaget.

#### **Kommentarar til § 6-6 Følgjer av at politiattest ikkje blir lagd fram**

Første ledd:

Ettersom det berre er søkeren/studenten sjølv som kan innhente politiattest, og som veit kva politiattesten inneheld, er ei slik sanksjonsmoglegheit nødvendig.

Andre ledd:

Dette er ei snever unntaksføresegn som må praktiserast strengt. Unntak frå hovudregelen må vere grunngitt med forhold som studenten ikkje rår over og ikkje kan lastast for. Slike forhold må vurderast konkret i kvart tilfelle, og det må i vurderinga takast omsyn til tryggleiken til dei mindreårige og andre sårbarer grupper som reglane skal beskytte.

#### **Kommentarar til § 6-7 Følgjer av at studenten ikkje kan delta i praksisstudium / klinisk undervisning**

Hovudkonsekvensen av at ein student ikkje får delta i praksis eller klinisk undervisning, er presisert her. Ein student som held fram på ei utdanning utan å delta i obligatoriske praksisstudium eller klinisk undervisning, vil ikkje få vitnemål for fullført utdanning. Det at studenten ikkje får delta i praksis og klinisk undervisning, kan òg få andre konsekvensar, som at studenten ikkje får gå opp til eksamen i enkelte fag fordi dei obligatoriske arbeidskrava ikkje er oppfylte.

#### **Kommentarar til § 6-8 Behandling av politiattesten med merknad**

Første ledd:

Leddet viser til uhl § 4-9 sjuande ledd, som seier at studentar har rett til advokathjelp i saker om utesenging. Studenten har rett til hjelp frå saka er reist, jf. § 4-8 femte ledd. I dette tilfellet må det vere frå det tidspunktet 14-dagarsfristen for uttale til nemnda tek til å gå. Institusjonen dekkjer utgiftene til advokathjelp.

Andre ledd:

For å sikre god kvalitet og effektiv behandling av denne typen saker, også av omsyn til studenten sjølv, pålegg forskrifa søkeren/studenten plikt til å medverke til at saka blir tilstrekkeleg opplyst, ved å legge fram dokumentasjon for institusjonen om forhold som ligg til grunn for eventuelle merknader på politiattesten. Dette omfattar all nødvendig dokumentasjon, til dømes utskrift av sikting, tiltale, førelegg og dom.

Før slik dokumentasjon er lagd fram, dersom den finst, har ikkje studenten rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudium.

Tredje ledd:

Behandlinga av politiattest med merknader må underleggast forsvarleg saksbehandling i tråd med reglane for forvaltingslova og god forvaltingsskikk. Institusjonen må sjå til at saka er best mogleg opplyst, og skal derfor sørge for at relevante dokument som ligg til grunn for merknadene, ligg føre ved behandlinga av saka, jf. òg den plikta studenten har til å medverke til å hente inn nødvendig dokumentasjon etter andre ledd. Institusjonen må òg sørge for at studenten får høve til å kommentere merknaden på politiattesten.

Den vurderinga institusjonen gir av merknaden på politiattesten, skal vere ei konkret, heilskapleg vurdering av dei forholda som ligg til grunn for merknaden på politiattesten, typen praksis eller klinisk undervisning og andre forhold som gjeld studenten eller studiesituasjonen hans/hennar.

Både 10-dagarsfristen og 14-dagarsfristen er absolutte.

Fjerde ledd:

Firevekersfristen nemnda har til å behandle saka, er absolutt. Fristen er sett fordi både student, utdanningsinstitusjon og praksisinstitusjon har behov for ei rask avgjerd.

Før klagenemnda for institusjonen har gjort vedtak i saka, har ikkje studenten rett til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudium ved den aktuelle utdanninga. I avveginga mellom omsynet til studenten og utdanningsløpet hans/hennar og omsynet til tryggleiken til dei mindreårige og dei andre sårbare gruppene reglane skal beskytte, veg det sistnemnde tyngst.

Femte ledd:

Nemnda skal gi ei heilskapsvurdering der ho ser på typen praksis eller klinisk undervisning, det vil seie innhaldet i studiet/undervisninga og kva grupper undervisninga rettar seg mot, og opplysningane om dei forholda som ligg til grunn for politiattesten. Det må òg takast omsyn til om studenten er gitt førelegg, sikta, tiltalt eller dømd.

Åttande ledd:

Etter politiregisterforskrifta § 37-2 skal politiattesten oppbevarast utilgjengeleg for uvedkommande. Politiattesten kan oppbevarast så lenge formålet med politiattesten krev det, men ikke utover tidspunktet då vedkommande sluttar på studiet som gav grunnlag for vandelskontroll. Politiattest som ikke lenger er nødvendig for formålet, skal slettast. Offentlege mottakarar skal slette politiattesten i samsvar med politiregisterforskrifta § 16-2 andre ledd nr. 2.

## Kapittel 7 Rangering av søkerar ved opptak

### Kommentarar til § 7-1 Generelt om rangering og kvotar

Dokumentasjon av fag som gir tilleggsSpoeng, kan inngå i den dokumentasjonen som gir grunnlag for rangeringa.

Høve for tilsegn om tidleg opptak forutset det følgjande:

1. Søkjarar må dokumentere at dei er kvalifiserte for studiet og kan bli poengrekna innan fastsett frist.
2. Søkjarar må dokumentere behovet for tidleg opptak innan fastsett frist. Grunnlag for tidleg tilsegn er om søkeren
  - er i jobb og har oppseilingstid, eller må søkje permisjon, eller
  - er sjølvstendig næringsdrivande og skal avvikle verksemda i samband med studium, eller
  - må flytte med familie, eller
  - har behov for særskilt tilrettelegging på studiestaden, eller
  - må søkje opphaldsløyve for å studere.

### Kommentarar til § 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote

Med heimel i § 7-2 femte ledd kan departementet frita enkelte studium frå kravet om kvote for søkerar med førstegongsvitnemål. Det er ikke meint at søkerar til studium med opptaksprøver, som til dømes fleire kunstfaglege utdanninger, automatisk skal få unntak frå krav om førstegongsvitnemål. Ved studium som ikke er lista opp, skal 50 prosent av studieplassane tilbydast søkerar som oppfyller kriteria for denne kvoten. Dersom det ikke er tilstrekkeleg kvalifiserte søkerar til å fylle kvoten kan resterande plassar bli tilbode søkerar frå ordinær kvote.

Det blir presisert at alle studium som ikke er nemnde her, også studium med opptaksprøve som heile eller delar av rangeringsgrunnlaget, jf. § 7-14, skal ha 50 prosent kvote for søkerar med førstegongsvitnemål.

Desse studia er unntakne frå kvote for førstegongsvitnemål:

- desentraliserte utdanninger og/eller deltidsutdanninger med minst eitt års yrkespraksis som spesielt opptakskrav. Dette gjeld likevel berre for utdanninger der lærestaden med heimel i § 4-11 har fastsett spesielt opptakskrav om minst eitt års yrkespraksis.
- yrkesfaglærarutdanning
- trafikkklærarutdanning
- studium ved Steinerhøyskolen
- tradisjonelt bygghandverk

For vidaregåande opplæring som er avslutta våren 2009 eller seinare, er det 9. juli 2007 i forskrift til lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-43 fastsett kriterium for kva krav som gjeld for at elevar/privatistar kan få utferda førstegongsvitnemål.

Einskilde søkerar kan få høve til å konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål, i tillegg til dei tilfella som går fram av § 7-2. Kvoten for førstegongsvitnemål omfattar òg søkerarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter normal tid i vidaregåande opplæring, men som i tillegg har fått utferda kompetansebevis med matematikk R2 bestått i løpet av normaltida. Bakgrunnen for dette er at R2 gir utteljing i opptaket sjølv om faget ikkje kan stå på same vitnemål som S1+S2 etter Utdanningsdirektoratet sine retningslinjer for føring av vitnemål og kompetansebevis i vidaregåande opplæring punkt 4.5.

I tillegg omfattar kvoten søkerarar som ikkje fyller meir enn 21 år i opptaksåret, og som har oppnådd yrkeskompetanse på normal tid på bakgrunn av vitnemål frå yrkesfag, når søkeraren har oppnådd generell studiekompetanse ved å ha fullført påbygg til yrkesfagleg opplæring (Vg4). Både faga som gir generell studiekompetanse, og eventuelle tilleggsfag søkeraren har bestått i løpet av normal tid for å dekkje spesielle opptakskrav, inngår i rangeringa i kvoten for førstegongsvitnemål.

### **Kommentarar til § 7-3 Spesielle kvotar**

Departementet viser til at opptak til høgare utdanning normalt skjer i to kvotar, ordinær kvote og kvote for førstegongsvitnemål som kvar utgjer 50 prosent av studieplassane. I tillegg kan Kunnskapsdepartementet fastsette spesielle kvotar for enkelte studium ved ein institusjon, enten etter søknad frå universitetet eller høgskulen eller på eige initiativ.

Det er fastsett spesielle kvotar for desse studia:

- *Ingeniørutdanning (bachelor)*  
Inntil 20 prosent av studieplassane kan setjast av til søkerarar med godkjent eittårig forkurs med full fagkrets. Søkerane blir poengberekna på grunnlag av karakterpoengsum frå forkurset, jf. § 7-4. Det blir ikkje gitt tilleggsspoeng. Søkerarar som ikkje blir tekne opp i kvoten, konkurrerer vidare om andre studieplassar med grunnlag i forkurset og eventuell tilleggsdokumentasjon som gir grunnlag for tilleggsspoeng.

- *Journalistutdanning*  
Inntil 10 prosent av studieplassane kan setjast av til søkerar som dokumenterer minst  $\frac{1}{2}$  års relevant arbeidspraksis i fulltidsstilling.

Det er fastsett spesielle kvotar for enkelte studium ved desse institusjonane:

Ved UiT – Noregs arktiske universitet:

- *Akvakultur, fiskerifag og fiskehelse*  
1 studieplass for søkerar med samisk språkkompetanse i kvote for førstegongsvitnemål.
- *Rettsvitenskap*  
67 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. 3 studieplassar skal setjast av til søkerar med samisk språkkompetanse, der 2 plassar er til søkerar i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.
- *Odontologi*  
60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål og inntil 2 studieplassar til søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote .
- *Integrert master i teknologiske fag*  
50 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. Det skal vere 50 prosent kvote for søkerar med førstegongsvitnemål innanfor kvota og 5 prosent kvote for søkerar med samisk språkkompetanse der halvparten går til søkerar med førstegongsvitnemål.
- *Medisin*  
60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 8 av desse studieplassane er reservert for søkerar frå Nord-Troms og Finnmark. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Inntil 6 studieplassar skal setjast av til søkerar med samisk språkkompetanse, 3 i kvote for førstegongsvitnemål.
- *Psykologi*  
60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Inntil 2 studieplassar skal setjast av til søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.
- *Ernæring*  
60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Inntil 2 studieplassar skal setjast av til søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.
- *Ergoterapi*  
50 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Innanfor denne kvoten

er det ein kvote på 10 prosent for søkerar med samisk språkkompetanse. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål, dette gjeld også for kvota for søkerar med samisk språkkompetanse.

- **Vernepleie**

60 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Inntil 2 studieplassar skal setjast av til søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.

- **Paramedisin**

50 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål. Inntil 2 studieplassar skal setjast av til søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.

- **Farmasi**

50 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål og inntil 2 studieplassar til søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.

- **Andre helsefaglege utdanninger**

80 prosent kvote for søkerar frå Nord-Noreg. Innanfor denne kvoten er det ein kvote på 10 prosent for søkerar med samisk språkkompetanse. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål, dette gjeld også for kvota for søkerar med samisk språkkompetanse.

I denne samanhengen omfattar Nord-Noreg fylka Nordland og Troms og Finnmark.

Ved Noregs idrettshøgskole:

- *Bachelor i sports management*
  - *Bachelor i trening, helse og presentasjon*
  - *Bachelor i trenerrollen og idrettspsykologi*
- 10 studieplassar ved dei tre studia kan tilbydast søkerar innstilte av Norges Idrettsforbund.

Ved Noregs miljø- og biovitakaplege universitet

- *Veterinærstudiet*
- 1 studieplass for søkerar med samisk språkkompetanse, i kvote for førstegongsvitnemål.

Ved OsloMet - storbyuniversitetet:

- *Journalistutdanning*
- Inntil 5 studieplassar for søkerar med minoritetsbakgrunn.

Ved Høgskolen i Innlandet:

- *Fjernsynsteknikk*

2 studieplassar for søkerar med samisk språkkompetanse, 1 i kvote for førstegongsvitnemål og 1 plass i ordinær kvote.

Ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

- *Sosionomutdanning*

Inntil 20 prosent av studieplassane skal setjast av til søkerar med interkulturell/internasjonal erfaring.

Ved Universitetet i Stavanger:

- *Hotelleiing*

Inntil 50 prosent av studieplassane skal setjast av til søkerar som dokumenterer minst eitt års relevant praksis.

Ved Universitetet i Sørøst-Noreg:

- *Fleksible, desentraliserte bachelorstudium i sjukepleie*

a. Inntil 80 prosent av studieplassane skal setjast av til søkerar med bustadadresse i kjernekommunar definert av institusjonen. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål.

b. Inntil 20 prosent av studieplassane skal setjast av til søkerar med bustadadresse i regionkommunar definert av institusjonen. 50 prosent av studieplassane innanfor kvoten skal setjast av til søkerar med førstegongsvitnemål.mnkø

### **Kommentarar til § 7-4 Poengbereking av søkerar med meir enn eitt grunnlag for rangering**

For å kunne bli vurdert både som såkalla 23/5-søker og på grunnlag av treårig vidaregåande opplæring må søkeren kunne poengbereknast på begge måtene, jf. § 7-5. Lærestaden skal ved opptak bruke den poengberekinga som gir høgast rangering for søkeren.

### **Kommentarar til § 7-6 Omrekning frå utanlandske til norske karakterar**

For å gi søkerar med utanlandsvidaregåande opplæring ein karakterpoengsum dei kan bruke i opptaket til grunnutdanningar, må ein rekne om karakterane frå den utanlandske karakterskalaen til den som er brukt i norsk vidaregåande opplæring (1-6, med 2 som lågaste ståkarakter). Departementet har overført mynde og ansvar for fastsetjing av omrekningstabellar til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse ved tenesta Samordna opptak. Samordna opptak har òg ansvar for å gjere tabellane kjende. Tabellane ligg som Vedlegg II til forskrifta.

### **Kommentarar til § 7-7 Karakterforbetringar**

Søkerar som får førstegongsvitnemål etter to år i vidaregåande opplæring, kan bruke det påfølgjande året til eventuelle karakterforbetringar og framleis bli vurderte i kvote for førstegongsvitnemål, jf. § 7-2.

## **Kommentarar til § 7-8 TilleggsSpoeng for realfag og framandspråk frå vidaregåande opplæring**

Tilleggsspoeng for realfag og framandspråk blir berre gitt for fag som er tekne i vidaregåande opplæring.

Tilleggsspoeng for framandspråk gjeld for søkerar som vel programfag framandspråk, eller som tidlegare har teke eit tredje framandspråk i tillegg til det obligatoriske framandspråket. Elevar som vel gresk 1, gresk 2, latin 1 og latin 2 i vidaregåande opplæring, får 0,5 tilleggsspoeng for kvart av desse programfaga.

Legg spesielt merke til at føresegna ikkje omfattar tilleggsspoeng for obligatorisk framandspråk (fellesfag) og heller ikkje programfag engelsk.

## **Kommentarar til § 7-9 TilleggsSpoeng for det underrepresenterte kjønnet**

Kjønnsubansen i høgare utdanning, og i arbeidslivet, er primært eit resultat av at søkinga til mange studium har skeiv kjønnsfordeling. Det er ei utfordring at ikkje fleire kvinner søker seg til tekniske studium som ingeniørstudiet, og at ikkje fleire menn søker seg til helse- og sosialfaglege studium som sjukepleiestudiet. Ofte speglar kjønnssamansetninga på studiet kjønnsfordelinga blant søkerar. Kjønnspoeng er omdiskutert fordi ein gir eitt kjønn ein fordel som det andre kjønnet ikkje har. Det kan resultere i at ein søker som har fått kjønnspoeng, kjem inn på eit studium på kostnad av ein søker frå det overrepresenterte kjønnet som har betre karakterar. Dette kan på individuelt plan oppfattast som urettvist. Kjønnspoeng skal medverke til å fremje likestilling, sikre like sjansar og rettar og hindre diskriminering.

Det følgjer av opptaksforskrifta § 7-9 andre ledd at «[d]et blir berre gitt tilleggsspoeng der det er godtjort at andre verkemiddel ikkje har ført fram».

Offentlege myndigheter har ei plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24. I denne lova blei aktivitetsplikta til offentlege myndigheter utvida til å omfatte alder som grunnlag for diskriminering. Lova fastset ikkje kva som er meint med «offentlege myndigheter». Omgrepet er forklart i forarbeida.

Omgrepet omfattar forvaltningsorgan som er ein del av stat, kommune og fylkeskommune, men kan også omfatte private rettssubjekt. For å bli rekna som ei offentleg myndighet må likevel verksemda utøve offentleg myndigkeit, jf. Prop. 63 L (2018–2019) kapittel 3.10.1.5 side 93. I kommentarutgåva til likestillings- og diskrimineringslova punkt 24.2.2, blir det konkretisert at offentlege myndigheter «betyr at for eksempel departementene, direktoratene, fylkesmennene, fylkeskommunene, kommunene, nemnder, statlige og kommunale råd, de offentlige universitetene og høyskolene er omfattet av begrepet.»

Private rettssubjekt som utøver offentleg myndigkeit er omfatta av aktivitets- og utgreiingsplikta i likestillings- og diskrimineringslova § 24. Det tyder blant anna at private utdanningsinstitusjonar er omfatta av denne plikta. Universitet og høgskular har derfor ei plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Dersom ein situasjonsanalyse viser at det er behov for å setje i verk tiltak,

bør undervisningsinstitusjonane som utgangspunkt setje i verk tiltak som er mindre inngripande enn bruk av kjønnsspoeng.

Kvar grensa går mellom tiltak som har til formål å oppnå likebehandling i høvesvis mogelegheiter og resultat, er ikkje alltid openbert. Spørsmålet vil primært vere avhengig av ei vurdering av dei relevante faktiske omstenda. Mellom anna må det vurderast om kvinner og menn faktisk i utgangspunktet har like sjansar, eller om det er forhold som gjer at det er grunn til å særbehandle det eine kjønnet for å oppnå like sjansar. Vurderingane må gjerast for kvar enkelt utdanning. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til at det eine kjønn har betre mogelegheiter enn det andre på arbeidsmarknaden generelt. Positiv særbehandling skal fremje like mogelegheiter. Det må derfor vurderast særskilt kva som skal til for at kjønnsspoeng i konkrete tilfelle kan seiast å fremje like mogelegheiter og redusere barrierar.

Regjeringa ser det som viktig å oppnå ein betre kjønnsbalanse i både utdanning og arbeidsliv. Derfor kan kjønnsspoeng brukast der kor kjønnsbalansen er særleg stor, og kor det er konkurranse for å kome inn på studiet.

**For opptak til studieåret 2024-2025 gjeld derfor følgjande:**

**Noregs teknisk-naturvitenskapskole universitet**

2 tilleggspoeng til kvinner gis på følgjande studium:

*Treårige ingeniørgrader, Gjøvik*

- Bygg
- Data - cybersikkerhet og programering
- Elektro
- Maskin, fleksibel

*Treårige ingeniørgrader, Trondheim*

- Data – systemutvikling
- Maskin

*Treårige ingeniørgrader, Ålesund*

- Automatisering og intelligente systemer
- Data, data - applikasjonsutvikling

*Andre bachelorstudium, Gjøvik*

- Digital infrastruktur og cybersikkerhet
- Programmering

*Andre bachelorstudium, Trondheim*

- Fysikk
- Musikkteknologi

1 tilleggspoeng til menn gis på følgjande studium:

- Profesjonsutdanning i psykologi

2 tilleggspoeng til menn gis på følgjande studium:

- Bachelor i bioingeniør, Trondheim

**Universitetet i Oslo**

1 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Profesjonsutdanning i psykologi, vår og høst

#### Universitetet i Bergen

1 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Profesjonsutdanning i psykologi

#### Universitetet i Agder

2 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Bachelor i sjukepleiar

#### Lovisenberg diakonale høgskule

2 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Bachelor i sjukepleiar

#### Noregs miljø- og biovitkskaplege universitet

2 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Profesjonsutdanning i veterinærmedisin
- Bachelor i dyrepleie

#### OsloMet

2 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Barnevernspedagogutdanning

#### Universitetet i Stavanger

2 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Bachelor i toll, vareførsel og grensekontroll

#### Universitet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

1 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Profesjonsutdanning i psykologi

2 tilleggsSpoeng til menn gis på følgjande studium:

- Bachelor i bioingeniør

#### **Kommentarar til § 7-10 TilleggsSpoeng for alder**

§ 4-11 gir institusjonane fullmakt til sjølve å fastsetje krav om inntil 5 års yrkeserfaring for desentralisert og/eller deltidsorganisert utdanning. Ved utdanninger der det er stilt krav om fleire års yrkeserfaring, skal også desse søkerane, i tråd med tidlegare føresegner, få tilleggsSpoeng for alder frå og med det året dei fyller 24 år. Elles gjeld dei rangeringsreglane som er fastsette for denne typen studium.

#### **Kommentarar til § 7-11 TilleggsSpoeng for høgare utdanning, fagskule, eit år på folkehøgskule, sivilteneste eller militær førstegongsteneste**

Søkjurar kan maksimalt få 2 tilleggspoeng for skule eller teneste som ikkje er ein del av vidaregåande opplæring. Søkjaren kan ikkje få tilleggspoeng for fagskule eller høgare utdanning som er søkjarens grunnlag for generell studiekompetanse, jf. §§ 2-3 og 2-4.

Det er berre dokumentasjon på fullført militær førstegongsteneste frå Noreg eller andre nordiske land som gir rett til to tilleggspoeng.

#### **Kommentarar til § 7-12 Rangering av søkerar som ikkje kan poengbereknast**

Det kommer fram av § 7-12 første ledd at lærestaden skal gjere ei individuell skjønnsmessig vurdering av søkerar som ikkje kan poengbereknas, som søkerar som til dømes har enten fagskuleutdanning, realkompetanse, vitnesbyrd frå Rudolf Steinerskolen, eller nokre utanlandske utdanningar.

Institusjonane skal sjå på alle kvalifikasjonar avhengig av kvalifiseringsgrunnlag, og vurdere dette opp mot de ferdigheter og kunnskapar som søkerane som har fått opptak på grunnlag av poengberekning har.

Grunnlaget for rangering er § 7-1 tredje ledd, der det står at «grunnlaget for rangering er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkeren for eit studium». Med andre ord så skal lærestaden gjere den individuelle, skjønnsmessige vurderinga på grunnlag av kvalifikasjonsgrunnlaget til søkeren, og det er ikkje moglegheit til å sjå på kvalifikasjonar som ikkje inngår i kvalifikasjonsgrunnlaget

#### **Kommentarar til § 7-13 Rangering på grunnlag av særskild vurdering**

Anna morsmål enn norsk kan vektleggjast dersom søkeren har fullført og bestått norsk vidaregåande opplæring med kortare butid enn seks år i landet, jf. opplæringslova § 3-12. Med andre spesielle forhold er meint uventa hendingar som har påverka karakterane frå vidaregåande skule. Det må gå fram av den innsende dokumentasjonen korleis dei spesielle forholda har påverka karakterane.

Vidaregåande utdanning frå utlandet gir i seg sjølv ikkje grunn for særskild vurdering. I alle tilfelle skal lærestadene ta med i vurderinga om søkeren har fått den tilrettelegginga han/ho har krav på, jf. opplæringslova med forskrifter.

Likeverdige kunnskapar og ferdigheter betyr at søkeren kan sidestillast med søkerar som har fått tilbod om plass etter vanlege reglar.

#### **Kommentarar til § 7-14 Rangering på grunnlag av opptaksprøve**

Departementet har fullmakt til å fastsetje om opptaksprøve skal vere med i berekningsgrunnlaget ved rangering.

Som følgje av oppmodingsvedtak frå Stortinget om høve for institusjonar som ønskjer det, til å bruke intervju som ein del av rangeringa, kan universitet og høgskolar kalle inn kvalifiserte søkerar til intervju før opptak til grunnskulelærar- og lektorutdanning, jf. endringar i § 4-7

første punkt andre ledd. Det er lagt til grunn at intervju blir sidestilt med opptaksprøve, og at universitet og høgskolar som ønskjer det, må informere departementet om korleis intervju skal påverke rangeringa av søkerane.

Departementet minner om at ved opptak til studium som har opptaksprøve, og som ikkje er på lista nedanfor, skal opptaksprøven berre brukast som grunnlag for kvalifisering, ikkje som grunnlag for rangering.

For opptak til desse studia blir kvalifiserte søkerar rangerte på grunnlag av ein kombinasjon av ordinær rangering etter denne forskrifa og tilleggsSpoeng for bestått opptaksprøve på eit visst nivå, etter reglar fastsette av institusjonen:

- a) *Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13 i musikk, dans og drama og anna musikkutdanning som er pedagogisk retta*
- b) *Studium ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo*
- c) *Masterstudium i landskapsarkitektur ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo i samarbeid med Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet*
- d) *Fotojournalistutdanning ved OsloMet – storbyuniversitetet*
- e) *Kulturprosjektleiing og prosjektleiing for fjernsyn ved Høgskolen i Innlandet*
- f) *Luftfartsfag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet*
- g) Til følgjande studium ved Nord universitet må søkeren dokumentere spesielle ferdigheiter, fastsette av institusjonen, i form av innsendt arbeid:
  - *Bachelorstudium i CG art and Animation*
  - *Bachelorstudium i Film and TV Production*
  - *Bachelorstudium i spill og opplevelsesteknologi*
- h) *Lærar- og førskulelærarutdanninga ved Steinerhøyskolen*
- i) Til følgjande studium ved Høyskolen Kristiania må søkeren bestå ei opptaksprøve fastsett av institusjonen
  - *Bachelorstudium i Art Direction*
  - *Bachelorstudium i grafisk design*
  - *Bachelorstudium i eksponeringsdesign*
  - *Bachelorstudium i tekst og skribent*

For opptak til desse studia blir kvalifiserte søkerar rangerte med grunnlag i berre opptaksprøvar, etter reglar fastsette av institusjonen:

- a) *Scenekunstutdanning*
- b) *Studium i utøvande og skapande musikk*
- c) *Produktdesignutdanning ved OsloMet – storbyuniversitetet*
- d) *Samtidskunst ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet*
- e) *Forfattarstudiet*
- f) *Dokumentarfilmproduksjon og fleirkameraproduksjon og bachelorstudium i film og TV ved Høgskolen i Innlandet*
- g) *Arkitektstudiet ved Bergen Arkitekthøgskole*
- h) *Studium i utøvande og skapande kunst ved Universitetet i Bergen og Noregs*

- teknisk- naturvitenskapelege universitet*
- i) *Studium* ved Kunsthøgskolen i Oslo
  - j) *Studium* ved Norges dansehøyskole
  - k) *Bachelorstudium i film og TV* ved Høyskolen Kristiania
  - l) *Visuell kunst* ved Høyskolen Kristiania
  - m) *Bachelor i manus* ved Høyskolen Kristiania
  - n) *Bachelorstudium i låtskriving og produksjon* ved Høyskolen Kristiania
  - o) *Bachelorstudium i tolking i offentleg sektor* ved OsloMet – storbyuniversitetet
  - p) *Bachelorstudium i lyddesign* ved Høyskolen Kristiania
  - q) Bachelor i låtskriving og musikkproduksjon ved Høyskolen Kristiania
  - r) *Årsstudium i instrumentmaking* ved Universitetet i Sørøst-Noreg
  - s) *Bachelorstudium i utøvande folkedans* ved Universitetet i Sørøst-Noreg

## **Kapittel 10 Falske vitnemål, falske dokument og dokument utferda av falske institusjonar**

### **Kommentarar til § 10-1 Utfyllande definisjonar til lov om universiteter og høyskoler § 3-7 sjette ledd**

Første ledd:

Vitnemål er ei nemning på dokumentet som atesterer at studenten har fullført utdanning, jf. uhl. § 3-11 for høgare utdanning og opplæringsforskrifta § 3-42 for vidaregåande opplæring. Vitnemålet er falskt dersom innhaldet har vore usant frå starten av eller er blitt manipulert eller endra seinare.

Ein søker som bruker falske dokument eller dokument frå falske institusjonar ved opptak til høgare utdanning, kan få karantene i medhald av uhl. § 3-7 åttande ledd. Ein student som ved hjelp av falske dokument eller anna uærleg framferd har fått utdanning godkjend, kan få godkjenningsa annullert, ev. i kombinasjon med utesettenging, jf. uhl. § 4-7 andre ledd, jf. § 4-8 tredje ledd. Etter uhl. § 3-7 sjuande ledd, skal bruk av falske vitnemål eller dokument frå falske institusjonar ved opptak, meldast til politiet. Etter lov om universiteter og høyskoler § 4-8 sjette ledd, skal bruk av falske dokument seinare i utdanningsløpet, meldast til politiet.

Eit vitnemål som viser feil karakter fordi vedkommande har klaga på eksamenskarakteren og i klageomgangen fått ein annan karakter enn det som går fram av vitnemålet, er ikkje eit falskt dokument. Det opphavlege vitnemålet er likevel ikkje lenger eit gyldig vitnemål. I tilfelle der eit vitnemål viser feil karakter og innehavaren er klar over dette, kan uhl. § 4-7 andre ledd om «uredelig opptreden» gjerast gjeldande mot ein student som bruker dokumentet. Etter ordlyden gjeld føresegna for studentar, noko som inneber at søkerar ved opptak til høgare utdanning ikkje er omfatta av føresegna. I perioden frå klagen er innlevert, til nytt vedtak ligg føre, er vitnemålet gyldig og kan brukast. For å unngå at vitnemål seinare blir ugyldige på grunn av endra karakter, må utdanningsinstitusjonane forsikre seg om at alle eventuelle klagar over karakterfastsetjing eller formelle feil er ferdigbehandla før dei utfører vitnemålet.

I ein situasjon der ein søker leverer dokumentasjon tilhøyrande ein annan saman med eigne

søknadspapir for å oppnå urettmessige fordelar for seg sjølv, er denne handlemåten i strid med § 10-1 første ledd dersom slik dokumentasjon til dømes er forfalska slik at det ser ut som om det er søkeren personleg som eig dokumenta. Dersom søkeren bruker andre sin dokumentasjon uendra, blir ikkje forholdet omfatta av § 10-1 første ledd.

Falske dokument er i denne samanhengen falske dokument som dannar grunnlag for opptak, inkludert falske vitnemål. Falske dokument kan vere vedlegg til vitnemålet som til dømes karakterutskrifter, TOEFL-testar, opptaksbrev, anbefalingsbrev, fortolka omsetjingar og sertifikat.

Definisjonane i denne forskrifta skal ikkje utvide eller innskrenke definisjonane av dokument i straffelova av 2005 § 361 andre ledd og straffelova av 1902 § 179.

Andre ledd:

Dokument utferda av falske institusjonar kan i og for seg vere ekte dokument. Det avgjerande i denne samanhengen er om dei er utferda av falske institusjonar. Her må det gjerast ei konkret vurdering i kvart tilfelle for å avgjere om forholdet blir ramma av uhl. § 3-7 sjette ledd. Falske institusjonar kan vere ikkje-eksisterande utdanningsinstitusjonar, til dømes der ein privatperson eller eit firma som ikkje tilbyr utdanning, sel og distribuerer utdanningsdokument. Falske institusjonar er vidare institusjonar som ikkje har den akkrediteringa som skal til for å tilby høgare utdanning, men som gir uttrykk for å ha slik akkreditering. Institusjonar som har eksistert og har utferda dokument, men ikkje lenger eksisterer, er ikkje falske utdanningsinstitusjonar med mindre dei har handla i strid med lovverket. Falske institusjonar er òg institusjonar som er «godkjende» av falske akkrediteringsorgan.

Falske institusjonar blir òg kalla «diploma mills». Bruk av vitnemål eller dokument frå «diploma mills» kan bli ramma av uhl. § 3-7 åttande ledd om karantene og av straffelova av 1902 § 166, der det går fram at det er straffbart å gi falsk forklaring til offentleg styresmakt i eit tilfelle der forklaringa var «bestemt til å avgje bevis». Definisjonen av dokument som er utferda av falske institusjonar, gjeld denne typen utdanningsinstitusjonar i både inn- og utland.

Med helsing

Anne Line Wold (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Katrine Elida Aaland  
utgreiingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

**Vedlegg:**

Forskrift om endring i forskrift om opptak til høgare utdanning

**Adresseliste**

Association of Norwegian Students Abroad (ANSA)  
Departementene  
Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir, Samordna opptak)  
Elevorganisasjonen  
Fagskoler  
Fylkeskommunene inkl. Oslo kommune  
Kunnskapssektorens tjenesteleverandør – Sikt  
Norsk studentorganisasjon (NSO)  
Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF)  
Private høyskoler  
Statlige universiteter og høyskoler  
Statsforvalterne  
Utdanningsdirektoratet  
Videregående skoler

**Kopimottakere**

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Forsker forbundet  
Forum for fagskoler - Abelia  
Hovedorganisasjonen Virke  
Landsorganisasjonen i Norge  
Likestillings- og diskrimineringsombudet  
Lærernes Yrkesforbund  
Nasjonalt fagskoleråd  
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen  
Norsk Lektorlag  
Næringslivets Hovedorganisasjon  
Rådet for offentlige fagskoler  
Skoleleder forbundet  
Skolenes landsforbund  
Statens lånekasse for utdanning  
Unio  
Universitets- og høgskolerådet  
Utdanningsforbundet  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund